

Orientering til høyringspartane

Generelt

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av NVE eller Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der fylkeskommunen kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til innstilling blir gjeve til fylkeskommunen

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjær får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom FK gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, slepp av vatn, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

FK si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar etter at vedtaket er fatta av FK. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngeve synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre faktiske tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggja vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK skal bidra med fagleg informasjon innanfor eige ansvarsområde, men er ikkje høyringspart i NVE si forberedande sakshandsaming.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.